


ÅRSRAPPORT 2003



Omtale av verksemda

Helse Sunnmøre HF omfattar all spesialisthelseteneste på Sunnmøre. Verksemda er fordelt mellom Ålesund sjukehus, Volda sjukehus, Mork Rehabiliteringssenter og Nevro-hjemmet Rehabiliteringssenter. Før 1. januar 2002 var alle desse verksemdene underlagt Møre og Romsdal fylkeskommune. Etter 1. januar 2002 er Helse Sunnmøre HF eigd av Helse Midt-Norge RHF som er eigd av staten. Verksemda er mellom anna regulert gjennom Lov om Helseforetak m.m. av 15. juni 2001.

Ålesund sjukehus har sentralsjukehusfunksjonar for Møre og Romsdal fylke, og lokalsjukehusfunksjonar for omlag 83 000 innbyggjarar på nordre Sunnmøre. Volda sjukehus har lokalsjukehusfunksjonar for omlag 45 000 innbyggjarar på søre Sunnmøre medrekna heile Hareid kommune.

Rehabiliteringseiningane gjev tenester til pasientar frå Sunnmøre, frå Nordmøre og Romsdal og frå andre delar av landet dersom verksemdene har kapasitet til dette.

Verksemda ved Helse Sunnmøre består av pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og opplæring av pasientar og pårørande.

I eigenskap av sin storleik er føretaket sine verksemdar viktige i sine nærmiljø med omsyn til busetting og tilgangen på utfordrande arbeidsplassar.

Viktige hendingar i 2003

- Byggeprosjektet for ny Kreftavdeling vart avslutta.
- Hudavdelinga vart kåra til «Årets avdeling» i Helse Midt-Norge. Avdelinga har utvist stor handlekraft og evne til omstilling i tråd med helsereforma sine intensjonar. Avdelinga har vist omstillingsevne og har god økonomistyring. I tillegg legg avdelinga stor vekt på god samhandling med primærhelsetenesta, noko som styrker tilbødet til pasientane.
- Laboratorium for medisinsk biokjemi ved Ålesund sjukehus vart akkreditert i følgje standarden NS-EN ISO/IEC 17025 for sitt overordna kvalitetssystem, og for analysane som vart utførte ved blodbanken. Dette er den første avdelinga i Helse Midt-Norge som har oppnådd ei slik godkjenning for god kvalitet.
- Fredag 3. oktober disputerte seksjonsoverlege Torstein Hole om temaet ultralydundersøking av venstre hjartekammer hos pasientar med akutt hjarteinfarkt. Doktorgradsavhandlinga gir ny kunnskap om ultralydfunn hjå

pasientar med hjarteinfarkt utan hjartevikt. Dette er første gang NTNU arrangerer disputas i Møre og Romsdal, og det er ekstraordinært at disputasen denne gongen vart flytta ut i frå universitetet sitt areal.

- Omorganisering i Helse Sunnmøre. Føretaket ynskjer å gi eit meir samordna tilbødet til innbyggjarane på Sunnmøre. Enkelte parallelle avdelingar i Volda og Ålesund er difor slått saman og organisert med ein felles avdelingssjef, men med pasienttilbødet på begge stadane.
- Offisiell opning av Lærings- og meistringssenteret (LMS). LMS er lokalisert til Mork Rehabiliteringssenter, men har også aktivitet ved Ålesund sjukehus og Volda sjukehus. LMS har etablert kontakt med fleire ulike pasientorganisasjonar og med primærhelsetenesta.
- Nødnummer 113 for omgåande hjelp vart frå 02.09.03 samla i Ålesund. Endringa skal gi grunnlag for betre ressursutnytting, og gi meir erfaring til den enkelte medarbeidar.
- Med verknad frå 1. januar 2003 vedtok Helse Sunnmøre å innføre røykeforbod for alle, med unntak av enkelt-pasientar. Målet er at ingen skal røyke på Helse Sunnmøre sine område. Som ei påskjøning for dette arbeidet vart Helse Sunnmøre tildelt «Røykfriprisen» måndag 29. september 2003.

Måloppnåing

Ventetid og ventelister

Ventelistene vart redusert med 1 934 pasientar, medan den gjennomsnittlege ventetida vart redusert til 78 dagar. Vi er særdeles nøgd med den kraftige reduksjonen på ventetida, og nådde her målet med 30 prosent reduksjon. Med omsyn til reduksjon på ventelistene, kom vi ikkje heilt i mål. Målet var ein reduksjon på 2 139 pasientar som svarer til 30 prosent av utgangspunktet.

Korridorpasientar

Det vart i mars 2002 sett i drift ein ny medisinsk sengepost ved Ålesund sjukehus. Vi hadde difor ei sær positiv utvikling i 2002. I 2003 har talet på korridorpasientar vore gjennomgåande lågt med ein gjennomsnittleg prosentdel av samla sengekapasitet på 1 prosent eller i gjennomsnitt 5,9 pasientar pr. dag.

Kontroll med økonomien

Helse Sunnmøre sine verksemder har tradisjonelt hatt god kontroll med økonomien. I 2003 har vi og hatt kontroll med den delen av økonomien som vi kan styre. Prognose for resultat har likevel gjennom året vist eit meir negativt resultat enn det som no er det faktiske resultatet frå vanleg drift. Årsakene til dette er mellom anna ekstra tilføring av inntekter og høge aktivitetsavhengige inntekter på slutten av året. Av tekniske omsyn knytte til tidlegare uavklara verdiar og avskrivningstider i opningsbalansen framstår rekneskapsresultatet for 2003 med eit underskot som er omlag 32 millionar kroner høgre enn det som er resultatet av føresetnadane i ordinær drift.

Framleis drift

I samsvar med Rekneskapslova sin § 3-3 vert det med dette stadfesta at føresetnadane for framleis drift er til stades og lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapsrapporten. Framleis drift byggjer på føresetnader om at det vil bli lagt til rette for ei løpande finansiering som kan forsvare kostnadsnivået ved føretaket sin aktivitet. Inntekta ved drifta må og forsvare verdireduksjon i realkapital og trongen for medisinsk fornying og utvikling. Gjennom Lov om Helseforetak er det vidare nedfelt at føretak ikkje kan gå konkurs (jf. § 5) og at eigar heftar uavgrensa for føretaket si verksemd (jf. § 7).

Arbeidsmiljø og HMT

Helse Sunnmøre HF hadde ved utgangen av 2003 heile 2 314 tilsette. I tillegg til dette har vi om lag 500 vikarar som til ei kvar tid får løn frå Helse Sunnmøre. Grunna stort tal deltidstilsette utgjorde tal faste årsverk 1 925 stillingsheimlar. Utviklinga i talet på tilsette viser ein netto auke på grunn av ny aktivitet ved Krefravdelinga og køyrekontoret for Møre og Romsdal samt rekruttering som følgje av opptrappingsplanen for psykisk helse. Det er i perioden også gjennomført avgrensa nedbemanning grunna omlegging i drifta.

Sjukefråværet har tradisjonelt vore lågt ved våre verksemder. I 2003 utgjorde samla sjukefråvær 7,2 prosent målt som sjukefråværsdagar, mot tilsvarende tal for 2002 på 6,9 prosent. Sjukefråværet syner samla ein svak auke.

Føretaket har et eige arbeidsmiljøutval med 12 medlemmar. Utvalet er felles for all verksemd under Helse Sunnmøre. Utvalet vart oppretta ved styrevedtak 11.02.02.

Saker handsama i 2003 var mellom anna:

- Organisasjonsplan for Helse Sunnmøre.
- Fordeling av velferdsmidlar i 2003.
- Uttale til hovudfunksjonsprogram for fleire byggeprosjekt innan saker i samband med verksemdoverdraging til apotekføretaket og HEMIT.
- Saker knytte til regulering av tilsetningstilhøva i Helse Sunnmøre.
- Organisering av vernetenesta ved Helse Sunnmøre.
- Drift av psykiatrisk post i Sande kommune.
- Retningsliner kring bierverv.
- Budsjett 2004.

Ved Helse Sunnmøre var det i 2003 82 tilfelle av blodsmitte/stikkuehell mot 68 tilfelle i 2002. I tillegg til dette er flest avviksmeldingar knytte til truslar om vald og utført vald mot tilsette –sjølv om denne kategorien avvik syner ein vesentleg nedgang frå tidlegare år.

Helse Sunnmøre har i 2003 arbeidd vidare med å utvikle ein tenleg organisasjonsstruktur. Det er framleis stor semje om ein flat struktur for å oppnå god informasjonstilgang, deltaking og engasjement i endringsprosessar. I tillegg vurderer ein måloppnåinga så langt som ei stadfesting på at dette er viktige føresetnader for å lukkast.

Likestilling

Helse Sunnmøre ønskjer å praktisere likestilling mellom kjønn, alder, kulturell bakgrunn og fagleg profesjon. Vi ønskjer å gje rom for utvikling av alle medarbeidarar som ønskjer å ta aktivt del i utviklinga av Helse Sunnmøre.

Tradisjonelt er pleie- og omsorgsfaga dominert av kvinner. Dette set også sitt preg på den totale kjønnsfordelinga der 78 prosent er kvinner og 22 prosent er menn. Helse Sunnmøre ønskjer å legge til rette for ei mest mogleg jamn fordeling mellom kjønna i alle fag og organisasjonsnivå. I avdelingssjefscollegiet utgjør kvinnedelen 26prosent (6 av 23).

Ytre miljø

Helse Sunnmøre ureinar ikkje det ytre miljø i større grad enn andre tilsvarende verksemder.

Helse Sunnmøre sine sjukehus i Volda og Ålesund produserer store mengder avfall og spesialavfall. Vanleg avfall blir teke hand om av kommunane sine avfallsoperatørar. Spesialavfall blir pakka og transportert til godkjende oppsamlings- og destruksjonsstadar for dei ulike typane av avfall. I tillegg medfører varetransport, pasienttransport og ambulansetransport langs veg, sjø og i lufta miljøureining i form av støy og luftforureining.

Særskilt om årsrekneskapsrapporten og resultat i 2003

Helse Sunnmøre hadde pr. 31.12.03 eit rekneskapsmessig underskot på 89,239 millionar kroner. I dette underskotet inngår også avskrivingskostnader som det ikkje er tatt høge for i planlegginga av føretaket si drift i 2003. Denne storleiken utgjør heile 32 millionar kroner. Årsaka til at denne delen av underskotet oppstår er at det no er gjort endelege vurderingar av verdiane som skal leggjast til grunn for opningsbalansen med verknad frå føretaksetableringa i 2002. I samband med desse anleggsmidlane er det og gjort nye vurderingar knytt til levetider og avskrivningstid.

På grunn av at det her er heilt spesielle høve som er årsak til resultatet, vil vi i vurdering av den økonomiske måloppnåinga leggje til grunn eit driftsresultat der vi korrigerer for denne tekniske løysinga som er valt.

Resultatet frå rekneskapsrapporten i 2003 vert difor oppgjeve til eit underskot på 57 millionar kroner. Dette er heilt i samsvar med budsjettet underskot for 2003.

Driftsinntekter

Samla driftsinntekter er på 1 330 millionar kroner. Dette er samla 30 millionar kroner over budsjett. Av samla inntekter er omlag 74 millionar kroner investeringsstilskot som er inntektsført til delvis dekning av avskrivingskostnad. Meirinntekta på 30 millionar kroner i høve budsjett oppstår i hovudsak som følge av meirinntekter frå pasientbehandling (18,3 millionar kroner) og ekstra basisløyving (5,2 millionar kroner).

Driftskostnader

Sum driftskostnader er 1 424 millionar kroner og er dermed 58 millionar kroner over budsjett. Av dei 58 millionane består 10,6 millionar kroner av varekostnader, 11,3 millionar kroner av lønskostnader, 3,6 millionar kroner av andre driftskostnader og 32,139 millionar kroner av avskrivingskostnader som ikkje er budsjetterte. Når det gjeld fastsetting av avskrivingskostnader viser vi til note 1 og 11.

Driftsresultat og ordinært resultat

Driftsresultatet for Helse Sunnmøre HF viser eit underskot på 93,418 millionar kroner etter avskrivingar.

Føretaka er ikkje tilført løpande driftsinntekter i samsvar med aktiviteten. Av denne og fleire årsaker har likviditeten til Helse Sunnmøre gradvis blitt dårlegare. I perioden har også rentenivået blitt langt lågare enn det som var venta. Trass i desse tilhøva fekk Helse Sunnmøre i 2003 eit netto finansresultat på 4,179 millionar kroner.

Etter finanstransaksjonar har føretaket eit ordinært resultat på -89,239 millionar kroner.

Korrigert for udekkte avskrivingskostnader på 32 millionar kroner utgjer det ordinære resultatet eit underskot på 57 millionar kroner. Dette resultatet er i samsvar med budsjett.

Resultatet kan også oppgjevast til eit resultat etter delvis dekning av avskrivingskostnad mot strukturfondet. Resultatet etter dette er eit underskot på 80,540 millionar kroner.

Kontantstraumanalyse

Kontantstraumen frå drifta var på 33 millionar kroner. Netto kontantstraum nytta til investeringsaktivitetar var 182 millionar kroner og netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar var på 82 millionar kroner. Samla endring i kontantar og kontantekvivalentar utgjorde i løpet av 2003 ein reduksjon på 67 millionar kroner.

Den likviditetsmessige situasjonen er ved utgangen av 2003 blitt vesentleg svekka. Årsaka er at det ikkje har lukkast føretaket å tilføre ekstern finansiering av investerings tiltak. I tillegg var den likvide situasjonen ved inngangen til 2003 særskilt god då det var tilført forskotsfinansiering av byggjeprojekt, og det likvide oppgjeret frå overtakinga frå fylkeskommunen framleis gav handlingsrom. Mangelen på tilført likviditet fører i 2004 til utløyst driftskreditt.

Investeringar

Helse Sunnmøre har i 2003 vidareført og gjennomført ei rekkje tiltak som har ein investeringsmessig karakter.

Det største enkeltprosjektet er bygging av nybygg til kreftbehandling som har gjeve plass for to strålemaskiner, poliklinikk og sengepost for kreftpasientar. Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 283 millionar kroner og er ferdigstilt på nyåret i 2004.

I tillegg til dette var den største enkeltposten for investeringar kjøp av medisinsk utstyr. Det er i løpet av 2003 kjøpt inn utstyr til ein samla kostnad på omlag 23,3 millionar kroner.

Aktivitet

Tabellen under gjev eit oversyn over aktivitet i 2003 i høve 2002.

Gjennomgåande har Helse Sunnmøre ein aktivitet som ligg over 2002. Det er behandla 958 innlagte pasientar meir enn i 2002, 21 213 polikliniske konsultasjonar meir enn i 2002 og produsert 2 345 DRG-poeng meir enn plan.

Nøkkeltal	2003	2002
Tal senger/døgnplassar	552	559
Tal liggedøgn	162 884	161 091
Tal behandla innlagde pasientar	23 655	22 697
Tal polikliniske behandlingar (somatikk)	119 496	106 172
Tal polikliniske behandlingar (psykisk helsevern)	26 884	18 995
Tal nyttilvisingar (somatikk)*	41 396	34 181
Tal nyttilvisingar (psykisk helsevern)*	2 251	1 685
Gjennomsnittlig ventetid (dagar)	67	118
Tal pasientar på venteliste	5 196	7 130
DRG-poeng totalt	25 727	24 002
DRG-poeng dagbehandling	3 463	2 843
DRG-indeks innlagte	1,051	1,02
Tal årsverk	1 925	1 911
Driftskostnader (mill. kr) (***)	1 423	1 299
Resultat (mill. kr)(**)(***)	-89	-49

* Tala for nyttilviste er henta frå føretaket sitt eige pasientsystem. Talet kan difor avvike frå data frå Norsk pasientregister som er korrigerte i høve gjeldande regelverk.

** Resultat korrigert for ekstraordinære avskrivingskostnader utgjer i 2003 eit underskot på 57 millionar kroner og samsvarer med budsjett.

*** Samla driftskostnader og resultatet for 2002 er endra som ein følge av endra avskrivingskostnader i 2002. Resultata for 2002 og 2003 er ikkje reduserte for inndekking frå strukturfond.



Frå venstre: Jacob Kjode jr. Lisbeth Bjørneset Myklebust, Charles Austnes, Kristin Krohn Devold, Tom W. Christiansen, Sigbjørn Lid, Hilde Furnes Johannessen og Astrid J. Eidsvik. Paul Hellandsvik og Gunn Berit Gjerde var ikkje til stades.

Framtidsutsikter

På regionalt nivå blir det arbeid vidare med tiltak for å betre samsvar mellom kostnader og økonomiske rammeføresetnader for konsernet. Det er vidare sett i gang arbeid med å vurdere prinsippa for deling av basisfinansiering mellom føretaka i regionen. Dette arbeidet har og fått overordna merksemd i Helse Sunnmøre si planlegging av verksemda for 2004 –og 2005. Budsjettet for Helse Sunnmøre inneheld ei rekkje konkrete tiltak for innsparingar. Budsjettet som er vedteke av styret i føretaket, har likevel føresett eit budsjettunderskot på omlag 89 millionar kroner i 2004. Det er føresett at helseføretaka skal ha balanse i drifta frå 2005.

Helse Sunnmøre arbeider vidare med organisasjonstilpassing, effektiviserings- og omstillingstiltak med målsetting om å innfri dette kravet.

Helse Sunnmøre sine verksemdar har ein høg aktivitet målt i DRG-poeng og anna aktivitet målt mot basisramma som er tildelt føretaket. Dette byggjer på vidareføring av ei form for sjukehusdrift som byggjer på nøktern ressursbruk og stor merksemd retta mot kjerneverksemda. Føretaket ser difor med uro på generelle innsparingstiltak som ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til føresetnadene for driftstilhøva og til potensiale som ligg i omstillingstiltak. Føretaket set difor sin lit til at det blir etablert nasjonale og regionale finansieringsmodellar som gjev grunnlag for å tilby lik tilgang på helsetenester for befolkninga.

Helse Sunnmøre har sjukehusverksemdar i Volda og Ålesund. Avstanden mellom sjukehusa er omlag 60 kilometer og ein ferjetur på omlag 20 minutt. Nærleiken gjer no som før at samarbeidet i all hovudsak går godt mellom verksemdene. Utfordringa er likevel at avstanden er litt for

stor for å kunne utnytte ein felles personalressurs på ein kostnadseffektiv måte. Også dei mindre institusjonane har så langt på ulike måtar delteke i endrings- og utviklingsprosessar. Samstundes som det vert gjennomført omstilling er ein også audmjuk for særtrekk som pregar dei mindre institusjonane.

Trass i utfordringar på ulike nivå er vi overtydde om at Helse Sunnmøre skal kunne ta del i forbetringane som eigar og befolkninga krev.


Styret er vidare godt nøgd med innsatsen frå dei tilsette i 2003. Vi er overtydde om at nøgde medarbeidarar i Helse Sunnmøre er ein naudsynt føresetnad for å nå føretaket sine mål. Vegval som blir gjort i framtida må difor i størst mogleg grad skje i samarbeid og forståing med dei tilsette. Vi har ei klar overtyding om at føretaksleiinga og tilsette har felles mål og i stor grad har ein god dialog om kva som er naudsynt for å nå målet.

Årsresultat og disponeringar

Styret tilrår følgjande disposisjonar i samband med årsoppgjeret for Helse Sunnmøre HF:

Samla underskot:	kr 89 239 000,-
Tilførast frå anna eigenkapital:	kr 80 540 000,-
Dekkjast mot strukturfond:	kr 8 699 000,-

Ålesund, 27. mai 2004


Jacob Kjøde jr.
styreleiar


Kristin Krohn Devold
Styrets nestleiar



Tom W. Christiansen



Gunn Berit Gjerde



Karen Høydal


Asbjørn Hofslie


Charles Austnes


Hilde Furnes Johannessen


Sigbjørn Lid


Astrid J. Eidsvik
adm. direktør

Resultatrekneskap 31.12.2003

Alle tal i heile tusen	Note	2003	2002
Basisramme	2, 5	609 901	622 331
ISF		461 388	386 089
Polikliniske inntekter		136 505	114 471
Øymerka tilskot	2	51 981	42 821
Andre driftsinntekter		70 469	72 118
Sum inntekter		1 330 245	1 237 830
Varekostnad	8	172 519	155 232
Lønskostnad	10, 17	975 034	883 033
Andre driftskostnadar	4, 10, 12	176 308	162 722
Driftsresultat før avskrivning		6 383	36 844
Avskrivning på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	1, 11, 13	99 801	97 828
Driftsresultat		-93 418	-60 984
Andre renteinntekter		7 019	12 028
Andre finansinntekter		0	106
Andre rentekostnadar		-2 840	-417
Netto finansresultat		4 179	11 717
Ordinært resultat		-89 239	-49 267
Årsresultat		-89 239	-49 267
Disponering av årsresultatet			
Anna innskoten eigenkapital	24	80 540	40 361
Dekking frå strukturfondet	24	8 699	8 907
Sum til disposisjon		89 239	49 267

Rekneskapstala for 2002 er omarbeidd slik at dei er samanliknbare med tala for 2003, jf. note 1.


Balanse (Alle tal i heile tusen)


Eigendelar	Note	2003	2002
Anleggsmidler			
Immaterielle eigendelar			
Konsesjonar, patentar, lisensar etc.	13	0	677
Sum immaterielle eigendelar		0	677
Varige driftsmidler			
Bygningar	1, 11	1 517 618	1 570 642
Boligar og tomter	1, 11	240 551	240 551
Anlegg under utføring	1, 7, 11	184 246	50 293
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	1, 11	50 739	45 354
Medisinteknisk utstyr	1, 11	123 609	128 267
Sum varige driftsmidler		2 116 762	2 035 106
Finansielle anleggsmidler			
Lån til føretak i same konsern	18, 19	3 474	4 149
Investeringar i aksjer og andelar	14	21 235	21 235
Sum finansielle anleggsmidler		24 709	25 384
Sum anleggsmidler		2 141 471	2 061 167
Omløpsmidlar			
Varer	8	24 504	21 505
Fordringar			
Kundefordringar	4, 18	18 232	68 151
Andre fordringar	18	14 215	1 398
Sum fordringar		32 447	69 549
Bankinnskot, kontantar og liknande	3, 20	87 850	155 032
Sum omløpsmidlar		144 800	246 086
Sum eigendelar		2 286 271	2 307 254


Balanse (Alle tal i heile tusen)

Eigenkapital og gjeld	Note	2003	2002
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	24, 25	100	100
Anna innskoten eigenkapital	24	1 642 890	1 722 352
Anna innskoten eigenkapital, strukturfond	1, 24	147 018	155 717
Sum innskoten eigenkapital		1 790 008	1 878 170
Sum eigenkapital		1 790 008	1 878 170
Gjeld			
Avsetting for forplikningar			
Pensjonsforplikningar	17	23 582	60 977
Andre avsettingar for forplikningar	7, 16	119 960	89 558
Sum avsetting for forplikningar		143 542	150 535
Anna langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld	2, 15, 18	95 986	18 180
Sum anna langsiktig gjeld		95 986	18 180
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	18	80 260	69 518
Skuldige offentlege avgifter		69 885	69 955
Anna kortsiktig gjeld	18	106 590	120 896
Sum kortsiktig gjeld		256 735	260 369
Sum gjeld		496 263	429 084
Sum eigenkapital og gjeld		2 286 271	2 307 254

Ålesund, 27. mai 2004


Jacob Kjøde jr.
styreleiar


Kristin Krohn Devold
Styrets nestleiar


Tom W. Christiansen



Gunn Berit Gjerde



Karen Høydal


Asbjørn Hofslie


Charles Austnes


Hilde Furnes Johannessen


Sigbjørn Lid


Astrid J. Eidsvik
adm. direktør

Kontantstrømoppstilling 2003 (Alle tal i heile tusen)

	2003	2002
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat	-89 239	-49 267
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	1 201	277
Ordinære avskrivningar	99 801	97 828
Endring i varelager	-2 999	-417
Endring i kundefordringar	49 920	122 940
Endring i leverandørgjeld	10 742	36 170
Forskjell mellom kostnadsførd pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningane	-36 339	-49 608
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-459	87 835
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	32 628	245 758
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	3 771	95
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	11 -185 537	-112 959
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-181 766	-112 864
Kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar		
Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	15 25 929	18 180
Inntektsført investeringstilskot utover innbetalt	0	-4 149
Motteke midlar utover inntektsført basisløyving	6 57 796	0
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-1 770	0
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	81 955	14 031
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-67 183	146 925
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01	155 032	8 107
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12	3 87 850	155 032

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering

Årsrekneskapslova er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseforetak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningsliner gjevne frå eigar.

Årsrekneskapslova er basert på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, mogleg samanlikning, fortsatt drift, kongruens og varsemid. Transaksjonar vert rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter vert resultatført når dei er opptent og kostnadene vert samanstilte med opptente inntekter. Når faktiske tal ikkje er tilgjengelege på tidspunkt for rekneskapsavlegginga, er det rekna ut eit best mogleg estimat for bruk i resultatrekneskap og balanse.

Opningsbalansen

Helse Sunnmøre HF vart stifta 13.12.2001 i samband med at staten tok over ansvaret for spesialisthelsetenesta frå fylkeskommunane den 01.01.2002. Samstundes overførte staten formuesposisjonane knytte til spesialisthelsetjenesta i helse-region Midt-Norge til Helse Midt-Norge RHF. Verksemda frå Ålesund sjukehus, Volda sjukehus, Mork Rehabiliteringssenter og Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter vart overført til Helse Sunnmøre same dag. Overføring av verksemda vart gjennomført som eit tingsinnskot og transaksjonsprinsippet er lagt til grunn.

Som følgje av at helseforetaka er non-profit-verksemdar der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlar. I opningsbalansen er bruksverdien sett til gjenskaffingskost. For bygg og tomter er gjenskaffingsverdi basert på takstar utarbeidd av uavhengige tekniske miljø hausten 2001. I gjenskaffingsverdien er det teke omsyn til slit og elde, teknisk og funksjonell standard m.v. Også for andre anleggsmidlar er gjenskaffingskost rekna ut. For overførte anleggsmidlar der det pr. 01.01.02 var kjent at desse ikkje ville vere i bruk eller kun ville vere i bruk ei avgrensa periode i framtida, er det gjort frådrag i opningsbalansen.

Rekneskapslova for 2002 vart avlagt basert på mellombels kostpris for anleggsmidlar fastsett av Helsedepartementet. Differansen mellom mellombels kostpris og bruksverdi er ført mot eigenkapitalen. Resultatrekneskapslova for 2002 er omarbeidd slik at avskrivningane svarar til bruksverdi frå 01.01.02. Tilsvarende syner balansen pr. 01.01.03 samanliknbare tal.

I statsbudsjettet for 2004 er det uttrykt at det ikkje kan forventast at helseforetaka framover vil kunne gjenskaffe anleggsmidlar som svarar til dei verdiar som vart skoten inn pr. 01.01.02. Helsedepartementet har difor beslutta at ein del av innskoten eigenkapital skal tilførast eit strukturfond.

Fondet skal nyttast til å dekkje meiravskrivningar på skilnaden mellom gjenskaffingskost i opningsbalansen og forventa anleggskapital i framtida. For Helse Sunnmøre er overføringa til strukturfondet 9,25 prosent av bruksverdien.

Klassifisering og vurdering av eigendelar og gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter dei vart skaffa, og andre postar som er knytte opp i mot varekretsauget. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste av skaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmidlar skaffa etter 01.01.2002 vert vurdert til skaffingskost. Anleggsmidlar med avgrensa levetid skal avskrivast planmessig.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Prinsipp for inntektsføring

Driftsinntektene til helseforetaket kan i hovudsak delast i to: fast grunnfinansiering frå eigar og aktivitetsbaserte inntekter. Grunnfinansieringa består av basisramme drift og eventuelt regionsjukehusstilskot. Aktivitetsbaserte inntekter består av ISF-inntekter (ISF = innsatsstyrt finansiering) og polikliniske inntekter.

I tillegg kjem andre salsinntekter, som mellom anna består av øymerka statstilskot og sal av andre varer og tenester.

Hovudregelen er at inntekt vert resultatført når den er opptent. Inntektsføring skjer følgeleg normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Basisramma vart i 2003 fordelt jamt over året for føretaket samla, medan det for den einskilde avdeling blei inntektsført i takt med den planlagde aktiviteten. ISF vert betrakta som opptent når pasienten skrivast ut.

Øymerka tilskot inntektsførast i takt med bruken av midlane.

Sal av varer og tenester mellom føretak i helseforetaksgruppa skjer i utgangspunktet til ordinær pris. Fleire tenester vert ikkje fakturerte, men er regulert gjennom tildeling av rammetilskotet.

Kostnadsføringstidspunkt/samanstilling

Utgifter vert samanstilte med og vert kostnadsførte samstundes med dei inntektene utgiftene er knytte til. Utgifter som ikkje er knytt direkte til inntekter, vert kostnadsførte når dei oppstår.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Ein tek då utgangspunkt i føretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar som vert tilført frå ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd. Likvide midlar omfattar kontantar og bankinnskot.

Det er etablert konsernkontoordning med Fokus Bank. Bankinnskot er klassifiserte som likvide midlar pr. 31.12.03. Renteinntekter er handsama som ordinære finansinntekter.

Helse Sunnmøre sin rekneskap inngår i konsernrekneskapen for Helse Midt-Norge RHF. Konsernrekneskapen kan bli utlevert frå Helse Midt-Norge RHF, Strandveien 1, Stjørdal.

Note 2 Store enkeltransaksjonar

	2003	2002
Finansiering av avskrivning (basisramme)	74 176 000	54 466 000
Opptappingsmidlar psykiatri, drift (øyremerka tilskot)	35 078 509	32 616 000

Finansiering av avskrivningar går inn i basisramma og er inntektsført med kr 74 176 000. Differansen mellom inntektsført finansiering av avskrivningar og faktisk motteke tilskot utgjer kr 57 796 000,- og er ført som langsiktig gjeld til det regionale helseføretaket. Dette er føresett å bli gjort opp på lang sikt.

Note 3 Bankinnskot, kontantar og liknande

	2003	2002
Bankinnskot bunden til dekking av skattetrekk	35 728 144	33 246 769
Bankinnskot fond, gávemidlar m.v.	8 482 857	8 545 807
Andre bankinnskot	43 514 542	113 137 783
Kontantar	124 084	101 893
Sum likvide midlar	87 849 627	155 032 252

Det er etablert konsernkontoordning med Fokus Bank. Bankinnskot er klassifisert som likvide midlar pr. 31.12.03. Bankinnskot i Helse Sunnmøre knytte til konsernkontoen er kr 51 997 939,56 pr. 31.12.2003. Renteinntekter er handsama som ordinære finansinntekter.

Note 4 Kundefordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter fråtrekk for avsetningar til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjort ein uspesifisert avsetning for å dekkje venta tap.

Avsetning til pårekelege tap pr. 31.12.03 er på kr 989 000,-.

	2003	2002
Endring i avsetning til tap på krav (delkredravsetning)	349 050	639 950
+ Reelt tap på fordringar	19 838	89 529
Sum tap på fordringar i resultatrekneskapen	368 888	729 479

Note 5 Resultat pr. verksemdområde (Alle tal i heile tusen)

	Somatikk	Psykiatri	Totalt
Sals- og andre driftsinntekter	1 124 576	205 669	1 330 245
Varekostnader	-165 084	-7 435	-172 519
Løn og sosiale utgifter	-822 760	-152 275	-975 034
Andre driftskostnader, avskr. og finansposter	-258 338	-13 593	-271 930
Fordeling av felleskostnader og -inntekter	26 349	-26 349	0
Sum salsinntekter	-95 256	6 018	-89 239

Rekneskapsføringa er organisert slik at inntekter og kostnader som er direkte henførbare til aktivitet innan somatikk og psykiatri vert førte kvar for seg. Felleskostnader som t.d. reinhald, kjøkken, administrasjon og kostnader ved bruk av lokalar vert fordelte på somatikk og psykiatri etter fordelingsnøklar som skal representere faktisk bruk av fellestestene. Resultatet på somatisk del og totalresultatet er omlag 32 millionar kroner lågare enn føresett på grunn av avskrivingskostnader som følgje av avskrivingsnivå. Avskrivingskostnaden er ikkje fordelt mellom somatisk og psykiatrisk del.

Note 6 Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Likvide midlar omfattar kontantar og bankinnskot. Føretaket har i liten grad andre kortsiktige og likvide plasseringar som umiddelbart kan konverterast til kjende kontantbeløp. Helse Sunnmøre har motteke midlar utover inntektsført basisløyving knytta til dekking av avskrivingskostnader med kr 57 796 000,-. Dette er ført som langsiktig gjeld og kjem fram på lina «Motteke midlar utover inntektsført basisløyving» under finansaktivitetar i kontantstraumanalyse.

Note 7 Langsiktige byggjeprojekt (byggjeprojekt > 50 millionar kroner)

Rekneskap (1 000 kr)				
Investeringsprosjekt	Akkumulert pr. 31.12.03	Total kostnadsramme	Prognose sluttsum	Avvik frå budsjett
Nytt kreftbygg	181 474	283 029	283 029	0
BUP/VPP-poliklinikk	1 333	83 000	83 000	0
Ny barneavdeling Ålesund sjukehus	167	150 000	150 000	0
Sum	182 974	516 029	516 029	0

Samla akkumulerte kostnader i samband med nytt kreftbygg er knytte til kostnadsførte projektkostnader, til planlegging/rekruttering og til sjøve byggjeprojektet med utstyr.

Nytt BUP/VPP-poliklinikkbygg er i ein tidleg fase. Kostnadsestimatet er førebels og påløpne kostnader er knytte til det førebelse planleggingsarbeidet.

Prosjektet ny barneavdeling er ved årsskiftet i ein konseptfase der det førebels ikkje er gjeve endeleg klarsignal for projektet.

Større byggjeprojekter i 2003 er i hovudsak finansierte med investeringstilskot og basisramme. Påløpne kostnader blir løpande aktivert.

Investeringstilskot gitt via kreftplanen til nytt kreftbygg ved Helse Sunnmøre er ikkje inntektsført. Desse tilskota er bokførte under langsiktig gjeld som Andre avsetningar for forplikningar med kr 94 300 000,-, og vil bli tekne til inntekt i same takt som avskrivningar på den aktuelle investeringa.

Note 8 Varer

	31.12.03	31.12.02	Endring
Matvarer / kioskvarer	563 881	651 150	-87 269
Rekvisita til pasientbehandling	23 939 827	20 853 404	3 086 424
Verdi i balansen	24 503 708	21 504 554	2 999 155
Herav vurdert til skaffingskost	24 503 708	21 504 554	2 999 155
Herav vurdert til verkeleg verdi	0	0	0
	24 503 708	21 504 554	2 999 155

Varer er vurdert til lågaste av skaffingskost etter «først inn – først ut»-prinsippet og den føresette netto salsverdi. Kostpris for innkjøpte varer er skaffingskost.

Kjøp av helsetenester, inkludert gjestepasientkostnader på til saman kr 17 348 670,- inngår i varekostnaden i resultatrekneskapen.

Note 9 Tal tilsette

	2003	2002		2003	2002
Gjennomsnittleg tal tilsette i løpet av rekneskapsåret	2 314	2 282	Tal sjukefråversdagar	37 097	35 551
Gjennomsnittleg tal årsverk i løpet av rekneskapsåret	1 925	1 911	Andel sjukefråversdagar av totale arbeidsdagar	7,2 %	6,9 %

I tillegg til dette har føretaket om lag 500 vikarar som til ei kvar tid får løn frå Helse Sunnmøre.

For 2002 har vi berre tilgjengeleg fråversprosenten. Vi har difor rekna ut talet sjukefråversdagar i høve forholdstalet for 2003 for å kunne samanlikne storleikane.

Note 10 Lønskostnader/godtgjeringar

	2003	2002
Løn, fast	701 842 348	645 540 547
Løn, variabel	98 617 583	77 473 534
Andre personalkostnader	20 362 171	17 846 821
Pensjonskostnader	93 599 848	91 869 378
Arbeidsgjevaravgift	113 928 972	102 612 865
Tilskot og refusjonar	-53 316 564	-52 309 830
Lønskostnader	975 034 358	883 033 315

Godtgjeringar (i kroner)	Adm.dir.	Styret
Løn	853 557	660 139
Yting til pensjonsforplikting (kollektiv ordning)	72 406	0
Anna godtgjering	4 618	0
Sum løn og godtgjeringar	930 581	660 139

Yting til pensjonsforplikting for adm. direktør er rekna ut med utgangspunkt i gjeldande årsløn og sats for pensjonskostnad i fellesordninga.

Føretaket har ikkje ytt lån til eller stilt sikring for dagleg leiar, styreleiar, tilsette eller andre nærstående partar.

Honorar til revisor

Honorar til ekstern revisor for 2003 utgjorde kr 148 800,- for ordinær revisjon og kr 145 524,- for tilleggstenester.

Beløpet er medrekna meirverdiavgift.

Note 11 Varige driftsmidlar

	Medisinsk- Driftslausøyre, teknisk utstyr inventar o.l.	Bygninger	Boligar og tomter	Anl. under utføring	Sum	
Skaffingskost pr. 31.12.02	152 398 382	56 417 509	962 637 008	141 339 805	50 292 733	1 363 085 437
Korrigerig av skaffingskost 01.01.02			670 277 301	99 211 000		769 488 301
Skaffingskost 01.01.2003	152 398 382	56 417 509	1 632 914 309	240 550 805	50 292 733	2 132 573 738
Tilgang kjøpte driftsmidlar	23 310 667	18 614 778		0	143 611 361	185 536 806
Ferdigstilte anlegg under utføring			9 658 514	-9 658 514		0
Skaffingskost på avgåtte driftsmidlar	4 141 602	4 682 553				8 824 155
Skaffingskost pr. 31.12.03	171 567 447	70 349 734	1 642 572 823	240 550 805	184 245 580	2 309 286 389
Akkum. av- og nedskrivningar 31.12.02	24 131 441	11 063 135	29 535 485			64 730 061
Korrigerig av av- og nedskrivningar 2002			32 737 233			32 737 233
Akkum. av- og nedskrivningar 01.01.03	24 131 441	11 063 135	62 272 718	0	0	97 467 294
Årets ordinære avskrivningar	26 470 543	10 440 284	62 681 976			99 592 803
Akkum. avskriv. på avgåtte driftsmidlar	2 643 242	1 892 773				4 536 015
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.03	47 958 742	19 610 646	124 954 694	0	0	192 524 082
Bokført verdi pr. 31.12.03	123 608 705	50 739 088	1 517 618 129	240 550 805	184 245 580	2 116 762 307
- Herav bal. leigeavtalar (fin. leasing)	16 242 737					
- Herav ikkje-avskrivbar kunst		7 074 552				
Estimert økonomisk levetid	3-15 år	3-15 år	10-60 år			
Avskrivingssatsar	6,67-25%	6,67- 33,3%	2,43%			

Finansiell leasing er nytta som finansieringsform ved kjøp og oppgradering av MR-maskiner ved Ålesund sjukehus. Forpliktinga er balanseført under langsiktig gjeld med 16,41 millionar kroner.

Varige driftsmidlar vart overførte til Helse Sunnmøre 01.01.2002 som eit tingsinnkot til ein førebels verdi på kr 1 250 498 590,-. I statsbudsjettet for 2003 går det fram at endeleg verdi skal fastsettast seinast ved fastsettinga av årsrekneskapen for 2003.

Eigedelane vart den 30.12.2002 formelt overførte til verkeleg verdi som ein del av overføringa frå fylkeskommunane til Staten. Endeleg fastsetting av verdien pr. 01.01.02 er omtala i note 1 under avsnittet om opningsbalansen.

Varige driftsmidlar anskaffa etter 01.01.2002 er førte i balansen til skaffingskost. Varige driftsmidlar med levetid på 3 år eller meir og kostpris på kr 50 000 eller meir balanseførast og avskrivast.

Avskrivningar på anleggsmidlar er gjennomført i høve til føretaket sine avskrivningsplanar og god rekneskapsskikk, og er fordelt lineært over venta økonomisk levetid med utgangspunkt i historisk kostpris.

Note 12 Leasing- /leigeavtalar – ikkje balanseført

Avtale	Omfattar	Leigekostnad	
		2003	2002
Leige av medisinteknisk utstyr	Vitros 950 AT Analysemaskin	99 200	99 200
Leige av inventar, utstyr mv.	Kopimaskiner m.v	662 293	757 940

Varighet på leigeavtalar er mellom 15 - 60 månader for utstyr og mellom 24 - 36 månader for andre leigeavtalar.

Note 13 Immaterielle eigendelar

	Lisensar	Sum
Berekna kostpris		
tingsinnskot pr. 01.01.	1 038 348	1 038 348
Tilgang	0	0
Avgang	1 038 348	1 038 348
Skaffingskost. pr. 31.12.	0	0
Akk. avskrivningar 01.01.	-361 206	-361 206
Årets avskrivningar	-208 633	-208 633
Akkum. avskriv. på avgang	-569 839	-569 839
Akkum. avskrivningar pr. 31.12.	0	0
Balanseført verdi pr. 31.12.	0	0

Økonomisk levetid	5 år
Avskrivingssats	20 %

Utgifter til forskning og utvikling er kostnadsført. Samanheng mellom utgifter til forskning og eventuelle framtidige inntekter er uklare. Utgifter til andre immaterielle eigendelar vert balanseført i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det er føresett at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld mellom anna enkelte IT-investeringar.

Det vert dessutan vist til til omtale i note 1 rekneskapsprinsipp og note 11 om varige driftsmidlar.

Note 15 Gjeld med forfall seinare enn fem år

	31.12.03	01.01.03	Forfall		
			5 - 10 år	10 - 15 år	15 - 20 år
Finansiell leasing	16 410 097	18 179 791	5 105 106	0	0
Anna langsiktig gjeld	25 929 330	0	6 482 332	6 482 332	6 482 332

Finansiell leasing er nytta som finansieringsform i samband med kjøp og oppgradering av MR-maskiner ved Ålesund sjukehus.

Note 16 Andre avsetningar for forpliktingar

Overordna legar og spesialistar har avtalefesta rett til 4 månader studiepermisjon kvart 5. år.

Ved utrekning av forpliktingar som følgjer av opparbeidd rett til overlegepermisjon i 2003 er det nytta ein venta uttaksdel på 70 prosent.

	31.12.03	31.12.02
Opparbeidd rett til overlegepermisjonar	22 809 003	21 558 817

Note 17 Pensjonskostnader, midlar og forpliktelse

Pensjonordningane vert rekneskapsmessig handsama i samsvar med Norsk Regnskapsstandard for Pensjonskostnader. Førretaket sine pensjonsordningar, inkludert AFP, vert handsama som ytingsplanar. I tillegg har Helse Sunnmøre gjennom KLP-ordninga eit solidaransvar for G-regulering av fripoliser og pensjonar knytta til desse. Helse Sunnmøre har pensjonsordningar som omfattar i alt 2 405 aktive og 931 pensjonistar. Solidaransvaret omfattar 460 personar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig

av tal på oppteningsår, lønsliv ved nådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom KLP (Kommunal Landspensjonskasse).

Pensjonskostnad	2003	2002
Noverdi av årets pensjonsopptening	75 099 130	74 725 354
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	73 462 083	69 388 977
Avkastning på pensjonsmidlar	-69 370 619	-66 925 541
Administrasjonskostnad	3 352 811	3 395 433
Arbeidsgjevaravgift	9 688 107	10 282 219
Avtalefesta pensjon, AFP 62-64 år	1 368 336	1 002 936
Netto pensjonskostnad	93 599 848	91 869 378

Avstemming av pensjonsordningane sin finansierte status mot beløp i balansen (Midlar < forpliktingar)

	01.01.2004	31.12.2003	31.12.2002
Berekna opptente pensjonsforpliktingar	1 239 523 974	1 187 501 472	1 119 527 592
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	1 101 150 232	1 100 800 857	1 065 992 107
Netto påløpte pensjonsforpliktingar	138 373 742	86 700 615	53 535 485
Ikkje resultatført planendring	0	0	0
Ikkje resultatført estimatendring/-avvik	-117 706 141	-66 033 014	0
Balanseført netto forplikting før arb.g.avg.	20 667 601	20 667 601	53 535 485
Arbeidsgjevaravgift	2 914 132	2 914 132	7 441 423
Netto pensjonsforpliktingar inkl. arbeidsgjevaravgift	23 581 733	23 581 733	60 976 908

Pensjonsforpliktingar vert rekna etter lineær opptening på basis av føresetnader om tal oppteningsår, diskonteringsrente, framtidig avkastning på pensjonsmidlar, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda og aktuarmessige føresetnader om dødelgheit, frivillig avgang osv. Pensjonsmidlane vert vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting er brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlar.

Netto pensjonsforpliktingar er balanseførte som langsiktig rentefri gjeld.

Økonomiske føresetnader:	2004	2003	2002
Diskonteringsrente	6,0 %	6,5 %	6,5 %
Venta lønsregulering	3,5 %	4,0 %	4,0 %
Venta pensjonsauke	3,5 %	4,0 %	4,0 %
Venta G-regulering	3,5 %	4,0 %	4,0 %
Venta avkastning på fondsmidler	6,3 %	7,0 %	7,0 %

Pensjonskostnaden for 2003 er basert på føresetnadene som vart lagt til grunn i 2002 og som er vurderte til å vere rimelege føresetnader pr. 01.01.2003. Grunna den store endringa i rentenivået gjennom 2003 er det gjort ei ny vurdering av dei økonomiske føresetnadene pr. 31.12.2003. Det er utarbeidd eit beste estimat for pensjonsforpliktinga pr. 31.12.2003 basert på dei økonomiske føresetnadene som er gjeve for 2003. Basert på avkastninga i KLP for 2003 er det også vist eit beste estimat for pensjonsmidlane pr. 31.12.2003. Estimataavvik utover 10 prosent av det høgaste av pensjonsmidlar eller -forpliktingar vert resultatført over 15 år. Det nye estimataavviket som oppstod på slutten av 2003 amortiserast frå og med 2004.

Note 18 Mellomverande med selskap i same konsern

	31.12.03	31.12.02
Langsiktig fordring	3 473 958	4 149 000
Kundefordringar	503 659	1 213 658
Andre fordringar	858 554	180 687
Langsiktig gjeld	-25 929 330	0
Leverandørgjeld	-7 656 399	-7 974 362
Anna kortsiktig gjeld	-114 183	0
Sum	-28 863 741	-2 431 017

Note 19 Fordringar som forfell til betaling om mer enn eit år

	2003	2002
Langsiktige fordringar	3 473 958	4 149 000

Note 20 Øyremerka fond og gåver

Fondskonto/gåvekonto	Beløp
Forskningsfond	6 272 302
Gåvefond	1 618 915
Andre fond	591 640
Sum	8 482 857

Fonds- og gåvekonti vert disponerte i samsvar med avtalefesta bestemmingar eller retningslinjer vedteke av styret.

Note 21 Palliativ behandling – betinga inntekt

Helseføretaka har i 2003 fått høve til å fremje krav om særskilt refusjon for palliativ behandling (lindrande behandling). Refusjon vert som eit utgangspunkt gjeven med kr 12 000,- ved innlagde pasientar og med kr 500,- for dagpasientar. I samband med lanseringa av refusjonen er det teke atterhald om faktisk utbetaling i høve bruken av ordninga. I dag kjenner vi til at det er kravd refusjonar for 100 millionar kroner medan det på landsbasis etter planen kun vert gjeve refusjonar med tilsaman 30 millionar kroner.

Helse Sunnmøre har i utgangspunktet kravd refusjon med kr 3 245 500,-. På tidspunktet for årsavslutning fann vi ikkje tilstrekkeleg grunngjeving for inntektsføring. Dette vert og vurdert i høve usikkerheit knytt til mogleg avkorting i andre DRG-inntekter for 2003 (t.d. kompleks rehabilitering).

Note 22 Pant og garantiansvar

Føretaket har ikkje stilt noko pant eller garantiforpliktingar av vesentleg art pr. 31.12.2003.

Note 23 Nærstående partar

Kjøp og sal skjer i hovudsak mellom offentlege helseinstitusjonar som alle er underlagt Helsedepartementet.

Note 24 Endring i egenkapital

Helseføretaket vart stifta med kr 100 000,- i føretakskapital. Tingsinnskotet vart overført 01.01.2002 til førebels verdi i årsrekneskapet for 2002. Årsrekneskapet for 2003 byggjer på endeleg fastsetting av verdiane.

	Innskoten egenkapital				Sum
	Føretakskapital	Anna innskoten EK	Strukturfond	Anna EK	
Bokført egenkapital 31.12.2002	100 000	976 694 632	164 624 000	0	1 141 418 632
Verdijustering anleggsmidlar		769 488 301			769 488 301
Auka avskrivningar 2002		-23 830 596	-8 906 638		-32 737 234
Eigenkapital 01.01.2003	100 000	1 722 352 337	155 717 362	0	1 878 169 699
Overgangsordning AFP 62-64		1 077 330			1 077 330
Årets resultat		-80 539 578	-8 699 455		-89 239 033
Eigenkapital 31.12.2003	100 000	1 642 890 089	147 017 907	0	1 790 007 997

Avskrivningar på varige driftsmidlar i 2002 vart gjort med utgangspunkt i førebelse verdier. Årsrekneskapen for 2003 vert avlagt med verdier pr. 31.12.03 som om verdiane hadde vore avskrivne med utgangspunkt i endeleg verdi frå og med 01.01.2002. For lite avskrive i 2002 vert sett som ein feil i rekneskapet for 2002 og er difor korrigert direkte mot eigenkapitalen.

Av årets avskrivningskostnader er kr 22 268 961,- knytt til verdier som eigar føresett ikkje gjenanskaffast. Av dette beløpet er kr 8 699 455,- dekkja inn av strukturfondet. Nærare omtale av strukturfondet framgår av note 1 saman med omtale av opningsbalansen.

Tingsinnskotet/ anna innskoten egenkapital består av:	Eneleg verdsetting 01.01.02	Mellombels verdsetting 01.01.02	Endring
Immaterielle eigedelar	1 038 347	1 038 347	0
Fast eigedom	1 867 634 428	1 098 146 127	769 488 301
Inventar, utstyr mv	152 352 464	152 352 464	0
Eigenkapitalinnskot KLP	21 234 724	21 234 724	0
Varer	21 087 301	21 087 301	0
Pensjonsforpliktingar	-110 585 168	-110 585 168	0
Andre avsetningar for forpliktingar	-25 424 761	-25 424 761	0
Sum anna innskoten egenkapital	1 927 337 335	1 157 849 034	769 488 301

Helsedepartementet har føresett at fylkeskommunen sine lån knytte til formuesgjenstandane ikkje skal overførast til føretaket.

Note 25 Eigarinformasjon

Helse Sunnmøre HF er 100 prosent eigd av Helse Midt-Norge RHF.

Til foretaksmøtet i Helse Sunnmøre HF

REVISJONSMELDING FOR 2003**Leiinga sitt ansvar og revisor si oppgåve**

Vi har revidert årsrekneskapen for Helse Sunnmøre HF for rekneskapsåret 2003, som syner eit underskot på kr 89.239.000,-. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslag til dekning av underskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og noteopplysningar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret for helseforetaket og administrerende direktør. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Grunnlag for fråsegna vår

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formuen og rekneskaps- og intern kontrollsystema i helseforetaket. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Fråsegn

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for den økonomiske stillinga til helseforetaket 31. desember 2003 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til dekning av underskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Molde, 22. juni 2004

KPMG AS

Arne H. Sæther

Stiftsautorisert revisor

Helse Sunnmøre HF
6026 ÅLESUND
Telefon 70 10 50 00
postmottak@helse-sunnmore.no
www.helse-sunnmore.no

Institusjonar i Helse Sunnmøre

Volda sjukehus
Postboks 113, 6101 VOLDA
Telefon 70 05 82 00

Ålesund sjukehus
6026 ÅLESUND
Telefon 70 10 50 00

Vegsund psykiatriske senter
Vegsund, 6020 ÅLESUND
Telefon 70 10 67 60

Sjøholt psykiatriske senter
6240 ØRSKOG
Telefon 70 27 38 70

Volda psykiatriske senter
Kløvertunvn. 6, 6100 VOLDA
Telefon 70 05 86 60

Psykiatrisk avdeling, post E
6084 LARSNES
Telefon 70 02 61 70

Mork Rehabiliteringssenter
Mork, 6100 VOLDA
Telefon 70 07 73 00

Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter
Borgundfordvn. 81
6017 ÅLESUND
Telefon 70 17 87 00